

Stadanalyse

Områdereguleringsplan for Nestangen



Dokumentinformasjon

Oppdragsgjevar: Sogndal kommune
Tittel på rapport: Stadanalyse
Oppdragsnamn: Områdereguleringsplan for Nestangen
Oppdragsnummer: 639544-01
Utarbeidd av: Hilde Helene Bjørnstad
Oppdragsleiar: Turid Kristine Brekke
Tilgjenge: Open

Forord

Sogndal kommune skal utarbeide områdereguleringsplan for Nestangen. Asplan Viak er innleigd som plankonsulent. Målet med planarbeidet er å legge til rette for at Nestangen skal verta ein del av tettstaden Sogndal, med relativ høg tettleik, gode bukvalitetar og stader der folk kan møtast.

I samband med planarbeidet skal det utarbeidast ein stadanalyse for planområdet. Målet med analysen er å:

- gje eit betre grunnlag og forståing for området, som igjen skapar betre dialog
- få eit godt rammeverk for gode, stadstilpassa prosjekt
- identifisere relevante kvalitetar og føringar

Stadanalysen er eit resultat av tverrfagleg samarbeid, der fag som kulturminne, lokalklima, landskap, trafikk og biologi (naturmangfald) har vore involvert.

Rapporten har ei samla tilråding til slutt og skal seinare kunne brukast som ein kunnskapsbank i detaljplanar og byggjesaker.

Leikanger, 28.08.2023

Turid Kristine Brekke

Oppdragsleiar

Hilde Helene Bjørnstad

Rapport utarbeidd av

02	28. sep. 2023	Rev. etter innspel frå Sogndal kommune	HHB/KAV	-
01	28. aug. 2023	Innlevering til kommunen	HHB	TKB
Ver	Dato	Beskriving	Utarb. av	KS

Innhald

1. Innleiing	4
2. Området sin utvikling og historie	6
3. Kulturminne og kulturmiljø	9
4. Arkitektur, bygningar og utbyggingsstruktur	28
5. Landskap og grønstruktur	36
6. Bu- og miljøutfordringar - sosial infrastruktur	47
7. Infrastruktur, kommunikasjon og målpunkt	53
8. Samla tilråding	57
9. Kjelder	59

1. Innleiing

Bakgrunn for stadanalysen

Sogndal kommune skal lage ein områdereguleringsplan for Nestangen. I arealdelen til Sogndal kommune er området sett av til sentrumsformål med krav om utarbeiding av områdeplan. Målet med planarbeidet er å legge til rette for at Nestangen skal verta ein del av tettstaden Sogndal, med relativ høg tettleik, gode bukvalitetar og stader der folk kan møtast.

Stadanalysen skal gi ei skildring og forståing/tolking av området som ligg innanfor plangrensa og den skal også avdekke problemstillingar i området. Det kan vere problemstillingar knytt til sosiale møteplassar, mobilitet, offentleg service m.m.

Analyseområdet strekkjer seg noko utover sjølve plangrensa, då det er naturleg å sjå på samanhengar og forhold som kryssar plangrensa. Planområdet må også sjåast i samanheng med bygda elles.

Analysearbeidet resulterer i denne rapporten og det skal vere retningsgjevande for arealbruken i planområdet, både i områdeplanen og i seinare detaljplanarbeid. Sogndal kommune ynskjer også at stadanalysen skal kunne brukast som ein kunnskapsbank i detaljplanar og byggjesaker.

Målet med analysen er å:

- gje eit betre grunnlag for å forstå området
- få eit godt rammeverk for gode, stadstilpassa prosjekt
- identifisere relevante kvalitetar og føringar

Rapporten har ei samla tilråding til slutt.



Figur 1-1: Kartutsnittet viser plangrensa for områdeplan Nestangen. Området som vert omtala i denne stadanalysen strekker seg noko utover sjølve plangrensa.

2. Området sin utvikling og historie

Sogndal ligg lunt til mellom høge fjell, som ei skålform som vender seg mot fjorden. Her var det eit typisk jordbrukssamfunn der fleire av gardane etter kvart vart store på fruktdyrking. Sogndal sentrum utvikla seg fyrst som ein allmenning ved fjorden, der omkringliggende gardar hadde felles opplagsplass, plass for båtar og naust. Utover 1600-1700 byrja allmenningen å likna meir på ein liten landsby, busett av fattigfolk: «strandsitjarar». Strandsitjarane var i hovudsak jordlause husmenn. På starten av 1800-talet budde det 222 menneske i Sogndalsfjóra. Dei som budde her jobba for det meste på dei omkringliggjande gardane gjerne kombinert med fiske i fjorden. Husa var små og enkle, og det var fattige levekår.

Utover 1800-tallet endra Sogndalsfjóra karakter og gradvis vaks det fram eit bygdesenter med meir standsmessige hus, gjestgiveri og hotell. Samtidig kom fleire spesialiserte handelsverksemder, tingstad, bank og prestebustaden på plass. Mot slutten av 1800-talet vart dei første industriarbeidsplassane etablert. Fjorden var ein viktig transportåre og etter kvart kom dampbåtane som ga tilgang til omverda, mellom anna til Bergen. Frå 1858 var Sogndal med i ruta til dampbåtane.

I 1871 vart Sogndal skulestad då Sogndal folkehøgskule vart etablert. Utover 1900-talet vaks Sogndalsfjóra og Fjóra vart definert som ein handelssentrum med fleire spesialiserte forretningar. I 1930-åra var det registrert 30 ulike forretningar og 1000 innbyggjarar i Sogndalsfjóra. På omkringliggende gardar stod fruktdyrkinga strekt.

Rundt 1960 vart det stadig fleire privatbilar og frukthagane i sentrum vart bygd ned til fordel for vegar og parkeringsplassar. I 1955 kom ei ny gate gjennom sentrum: Gravensteinsgata. I 1969 samla *Sogn samyrkjelag* alle småforretningane som tidlegare hadde lege i Fjóra, under eitt og same tak i eit stor varehus, *Domus*, ved Gravensteinsgata. Vidare har det vore ei utvikling med nybygg og ombygging fram til det som i dag er Amfi Sogningen. På slutten av 1990 blei dei to siste store frukthagane i sentrum bygd ned til fordel for kulturhus og politihus.

Frå 2000-tallet har ein del av utviklinga i Sogndal vore utanfor sentrum med tyngdepunkta Campus Sogndal, Sjøkanten og no nyleg og enno under utbygging: Nedrehagen. Nyare byggeprosjekt i sentrum er sentrumsparken og Fjordstien.



Sogndal 1987, Norge i bilder




Sogndal 2008, Norge i bilder




3. Kulturminne og kulturmiljø

Plasseringa til Sogndal har vore gunstig, og menneska slo seg tidleg ned her. Arkeologiske utgravingar kan vise til rik og svært spanande historie. Utgravingane på Stedje, Kvåle og Rutlin gjev døme på tre storgardar, men i folkevandringstida (ca. 400 - 600 e.Kr.) var også Flugheim, Åberge og Nes busette gardar. Arkeologar har vore inne på at Nes kan ha vore eit høvdingsete i tidleg vikingtid.



Figur 3-1: Registrerte kulturminne i analyseområdet. Kjelde: Den nasjonale kulturminnebasen «Askeladden».


På vestsida av den breie vika mellom Stedje og Nes ligg den gamle strandstaden og bygdesenteret Sogndalsfjæra. Strandstaden ligg i bakken opp frå fjorden og opp på den store terrassen ovanfor. Kulturlandskapet i tettstaden har endra seg mykje over tid, særleg dei siste 40-50 åra. Busetnaden i og kring sentrumsstaden har hatt stor auke frå 1950-talet og framover. Sogndalsfjæra vaks fram som eit viktig handels,- skule- og kommunikasjonssenter i Indre Sogn. I det gamle landsbyprega senteret er miljøet i dag prega av vår tids byggestil, med betongbygningar frå 50- og 60-talet, og nyare bygningar knytt til industri, tenesteyting, næring, utleige, bustad, bevertning og overnatting. Bygningsmiljøet i Sogndalsfjæra med dei gamle gotene frå fjorden og opp til dei opphavelige gardstuna ovanfor er framleis eit særpreg for Sogndal.



Figur 3-2: Registrerte kulturminne i analyseområdet. Flyfoto 1964. Kjelde: Den nasjonale kulturminnebasen «Askeladden», Riksantikvaren.

Nes, gnr. 11, Grøt gnr. 12, Navarsete gnr. 13, Hofslund gnr. 15 og Hove gnr. 16

Både gardsnamnet og arkeologiske funn tyder på fast busetnad på Nes, og truleg også Åberge, i eldre jernalder (500 f.Kr. – 600 e.Kr.). Garden Nes har i eldre jernalder truleg vore ein av dei største gardane i bygda. Truleg har eit hov blitt bygd på Nes. Hovstaden har så gitt namn til garden Hove når denne vart utskild frå Nes. I vikingtida skil Nes seg ut frå andre gardar i bygda med dei mange til dels innhaldsrike gravfunna. Det rikaste kvinnegravfunnet frå 900-talet er herifrå. Kjeldene tyder på at Nes ikkje låg øyde under pesten, men er busett gard gjennom heile mellomalderen (ca. 1050-1500 e.Kr.). Rundt 1300 hadde fleire kyrkjelege institusjonar eige i garden, både kyrkja på Stedje og kapellet på Åberge. Grøt er først kjend som eigen gard i nyare tid. I mellomalderen kan området ha høyrte til gardsvaldet til Nes.



Figur 3-3. Gårdskart som syner matrikkelgardane i analyseområdet. Illustrasjon: Asplan Viak.

Freda kulturminne

Det er ikkje registrert freda kulturminne på Nes/Nestangen, men det er gjort gjenstandsfunn frå yngre steinalder, jernalder og mellomalder på garden. Områda med dyrka mark på Nes er vurdert til å ha stort potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne under flat mark. Først og fremst knytt til busetnadsspor frå bronse- og jernalder, men også spor frå mellomalder i tilknytning til det gamle tunområdet.

Verneverdige kulturminne

I gardstuna på Nes, Navarsete, Hove og Hofslund er det verneverdige bygningar og bygningsmiljø frå 1800-talet. Bygningane ligg både enkeltvis og i bygningsmiljø knytt til dei gamle tunstrukturane.



Figur 3-4. Gardstunet på Nes, gbnr. 11/1, med våningshus frå første del av 1800-talet. Rones barnehage til venstre. Tradisjonell gardsbebyggelse i sein empire.

Tabell 3-1. Tabell over SEFRAK-registrerte bygningar på Nes, Navarsete, Hove og Hofslund innanfor utgreiingsområdet..

SEFRAK ID	GARD	KULTURMINNE	DATERING	KATEGORI
14200207001	16 Hove	Våningshus. Bergheim, Hove. «In-på-svåe»	1800-tallet, 4. kvartal	▲
14200207002	11 Nes	Bustadhus. Nes	1800-tallet, 2. kvartal	▲
14200207003	11 Nes	Stabbur. Nes	1800-tallet, 2. kvartal	▲
14200207004	11 Nes	Eldhus/verkstad. Nes	1800-tallet, 2. kvartal	▲
14200207005	11 Nes	Driftsbygning. Nes	1800-tallet, 4. kvartal	▲
14200207006	11 Nes	Kårhus. Piladalen, Nes.	1800-tallet, 4. kvartal	▲
14200207007	11 Nes	Driftsbygning. Piladalen, Nes.	1800-tallet, 4. kvartal	▲
14200207008	11 Nes	Brønn. Nstedalen, Nes. (Urabekken)	1800-tallet, 2. kvartal	▲
14200207011	11 Nes	Naust. Piladalen, Nes. (Torbjørnsnaustet)	1800-tallet, 4. kvartal	▲
14200207013	11 Nes	Driftsbygning, Nes. «Bentgarn»	1800-tallet, 4. kvartal	▲
14200207014	11 Nes	Kårhus, Nes. «Bentgarden»	1800-tallet, 4. kvartal	▲
14200207015	11 Nes	Brønn, Nes. «Bentgarden» (Jomfrubrønn)	1800-tallet, 4. kvartal	▲
14200208001	13 Navarsete	Våningshus. Navarsete.	1800-tallet, 2. kvartal	▲
14200208002	13 Navarsete	Brønn. Navarsete.	1800-tallet, 4. kvartal	▲
14200208004	15 Hofslund	Bustadhus. Hofslund. «Bakketun».	1800-tallet, 3. kvartal	▲
14200208005	15 Hofslund	Driftsbygning. Hofslund. «Bakken».	1800-tallet, 4. kvartal	▲
14200208006	15 Hofslund	Eldhus. Bakken. Hofslund. «Bakketun».	1800-tallet, 4. kvartal	▲
14200208007	16 Hove	Kårhus. Hove. «Håve».	1800-tallet, 3. kvartal	▲
14200208008	16 Hove	Driftsbygning. Hove. «Håve».	1800-tallet, 3. kvartal	▲
14200208009	16 Hove	Eldhus. Hove. «Håve».	1800-tallet, 3. kvartal	▲
14200208010	16 Hove	Stabbur. Hove. «Håve».	1800-tallet, 3. kvartal	▲
14200208012	16 Hove	Brønn. Hove. «Pilabekken».	1800-tallet, 4. kvartal	▲

▲ Meldepliktig i hht kml § 25, ▲ Anna SEFRAK- bygg ▲ Ruin eller fjerna objekt. Kilde: SEFRAK



Figur 3-5. Tuna på Nes, gbnr. 11/6 til høyre og gbnr. 11/139 til venstre. Bygningsmiljø frå siste del av 1800-talet og tidleg på 1900-talet.



Figur 3-6. Driftsbygning på Hofslund, gbnr. 15/37, frå siste del av 1800-talet.

Bygningane langs nedre delen av Navarsetevegen har høg verneverdi, både som enkeltbygningar oppført rundt 1900-talet hovudsakleg i sveitserstil, og som samla kulturmiljø. Kulturmiljøet framstår som autentisk, med intakte hageanlegg og murar knytt til ein av dei eldste vegstrukturane i området.



Figur 3-7. Delar av bygningsmiljøet langs nedre del av Navarsetevegen, her ved Navarsetevegen 14 (gbnr. 11/11) med hageanlegg og 16A (gbnr. 11/22) til høgre. Stilen er Det Nye Norge (frå 1905-1940) som er inspirert av tidlegare stilartar tilpassa nasjonal byggestil. Huset til høgre har typiske trekk frå Sveitserstilen men manglar klassiske ornamenterer.



Figur 3-8. Navarsetevegen er ein gammal vegstruktur i Sogndal. Autentiske bygningar frå tidleg på 1900-talet med hageanlegg og murar ligg langs vegen og utgjer eit samla kulturmiljø med stor verdi. Det er liten grad av fortetting, påbygg og ombyggingar av bustadane langs denne delen av vegen. Til høgre Navarsetevegen 12, gbnr. 11/17.

Ovre del av Navarsetevegen og Hagebyvegen er nyare vegfar, der dei første bustadane sto ferdig oppført på 1950-talet. Deler av desse har framleis lesbare trekk frå byggjeår, og har verneverdi som enkeltbygg frå etterkrigsutbygginga. Området er seinare fortetta med nyare bustader. En del av bustadane er også endra over tid. Området dannar av den grunn ikkje et naturleg og samanhengande kulturmiljø.



Figur 3-9. Navarsetevegen 24 (gbnr. 11/36) og 34 (gbnr. 11/60).



Figur 3-10. Navarsetevegen 21, gbnr 11/41.


I 1837 vedtok heradsstyret at det skulle byggjast brygger, og at ein skulle tilsetje ein ferjemann som skulle stå for transporten mellom Nes og Loftesnes. Den gamle ridevegen vart difor i 1838 ombygd og utbetra til kjerreveg. Deler av vegen er framleis tydeleg. Ein gjekk frå Hove/Hofslund langs Navarsetevegen forbi tuna på Nes og vidare innover til Kvam. På Nes er ein avstikkar ned til den gamle ferjestaden. Det er også tydeleg på Loftessnessida, på ei kort strekning frå ferjestaden der. Den som gjekk langs sjøen frå Hofslund til ferjestaden på Nes er nedbygd i Rv 5 Helgheimsvegen.




Figur 3-11: originale skilt som vart sett opp i samband med opninga av ny Loftesnes bru i 2017. Det står akkurat der den gamle ferjekaien var på Nestangen. Skilta er overlevert Sogndal kommune. Foto: Per Birger Lomheim.

Røvhaugane

Området er kupert og står fram som ein mosaikk av styingstre av hengebjørk og reine einerbestandar. I og omkring hagemarka finn ein tørre og fuktige slåtteenger, utlær, steingardar og rydningsrøyser. Ein gamal jordveg snor seg gjennom området og er stadvis utforma som buveg. På Røvhaugane (gbnr. 13/40) er det også registrert to gravrøyser frå jernalderen (Askeladden Id 115025 og 115026), som ligg plassert i kulturlandskapet med vidt utsyn over Nes og Nestangen samt fjorden.




Figur 3-12. Kart som syner nokre av strukturane som framleis ligg att i kulturlandskapet på Røvhaugane, t.d buføringsveggar, steingardar, rydningsrøyser, utlær og tidlegare dyrka mark/ åkerlappar. To gravrøyser frå jernalderen (Askeladden Id 115025 og 115026) ligg også innanfor dette kulturlandskapet. Buføringsvegane vist med stipla linje, steingardar vist med grå linje. Kjelde: Riksantikvaren.



Figur 3-13: Utskiftingskart frå 1891, garden Nes. Kartet syner dei eldste vegane i området (t.d. Navarsetevegen).

Solhov ungdomshus

Solvov ungdomshus vart teikna av arkitekt Ole Døsen Landmark, og blei reist i 1932.



Figur 3-14: Ungdomshuset Solhov sett frå fjorden. Datering før 1960. Foto: Elen Loftesnes. Delar av det verneverdige bygningsmiljøet langs Navarsetevegen ovanfor og til venstre. Gardstuna på Nes i høgre. Kjelde: Fylkesarkivet i Vestland.

Solvov (gbnr 11/35) er tidlegare ungdomshus, huset vart selt til Sogndal kommune då Sogndal ungdomslag vart lagt ned (fig. 3-14 og 3-15). Det er ein markant murbygning, teikna av arkitekten Ole Landmark. Ungdomshuset har husa kino, øvingslokale og danselokale for mange hundre ungdommar i Sogndal opp gjennom åra. Storesalen ligg i andre etasje via trapp. Bygningen er oppført i modernistisk stil som fekk gjennomslag på 1930-tallet. Modernismen tok opp i seg fleire ulike stilartar, den viktigaste var funksjonalismen. Bygningen har stor arkitektonisk verdi og er eit viktig identitetsskapande bygg i Sogndal.




Figur 3-15. Solhov ungdomshus i dag.

Sogndal folkehøgskule

Sogndal folkehøgskule blei stifta i 1871 av prest, og seinare stortingsrepresentant og statsråd, Jakob Liv Rosted Sverdrup, og blei ein av dei første folkehøgskulane i landet. Heilt i starten heldt folkehøgskulen til i den gamle Sorenskrivargarden på Loftesnes. I 1875 blei skulen flytta til Helgheim der skulen framleis er. Skulen held til på Loftesnes berre eitt år, deretter leigde dei lokale i tre år på Bahus i Sogndalsfjøra. I 1875 flytta dei inn i nye lokale på Nes. Før det var internat på skulen budde mange av elevane på hybel i Fjøra.

På tunet i dag er det berre Haugehuset (gbnr. 11/24) som er att av bygningane frå 1875. Sveitserhuset har fått nokre påbygg bak (trappa) og skifertaket er skifta ut med nytt tak. Eksteriøret har rik detaljering og arkitektonisk verdi. Bygningen har ein viktig historiefortellande verdi knytt til den tidlege skuleetableringa i Sogndal. Helgheimstova, den flotte bygningen i sveitserstil, vart flytta til De Heibergske samlinger tidleg på 1970-talet. Haugehuset har derfor mista noko av sin opphavslege samanheng og lesbarheit, men ligg framleis knytt til folkehøgskulen.



Figur 3-16 Haugehuset (til venstre) og kaistedet ved Sogndal folkehøgskule ligg framleis i området. Sveitserbygningen vart flytta til De Heibergske Samlinger i 1970. Kjelde: Fylkesarkivet i Vestland.



Figur 3-17. Haugehuset i dag, sett mot fjorden og baksida. Bilete Sogndal kommune/Asplan Viak.



Figur 3-18: Nestangen med Sogndal folkehøgskule i framgrunnen. Kjelde: Sogndal folkehøgskule.

Rones barnehage, gbnr 11/26 og 11/27

Bygningen (fig. 19) er reist for sakfører Darre Jenssen første del av 1900-talet. Der var uthus til drift av eigedommen, men ingen gardsdrift. Bygningen var deretter bustad for lege og legekontor, før barnehagen tok over. Ein kortare periode var det kunstnarsenter (Galleri Rones) i eine halvparten av villaen. Bygningen er oppført i stilen Det nye Norge som omfattar ein søken etter nasjonal byggestil som også innehar trekk frå fleire tidlegare stilartar. Nyare samanbygging og modernisering, og nedbygging av hageanlegget, trekker noko ned verneverdien. Den er likevel heilt eigenarta, og innfrir dei fleste verdikriterier.



Figur 3-19. Villa Rones, i dag brukt som barnehage.

Loftesnes, gnr. 2

Loftesnes (gbnr 2/36) ligg fint til på autsida av sundet mellom Sogndalsfjorden og Barsnesfjorden. Det vedtaksfreda hovudhuset frå 1776 ligg med fasaden mot fjorden. Hovudinngangsdøra dannar saman med brygga ein akse gjennom hagen. På baksida av huset finn ein tunet, med fleire mindre bygningar, mellom anna stabbur og ei nyare dokkestove. Driftsbygningar m.m. ligg samla rundt eit uttun aust for hovudbygningen, og ned mot sjøen nordover frå tunet. Gardens opphavelige tun låg lenger opp frå sjøen, der bruk nr. 1 ligg i dag.

Sorenskrivarane i Indre Sogn har budd på ulike stadar. I 1765 vart Søren Schieldrup sorenskrivar i Indre Sogn. Han eigde eit bruk på Barsnes og makebytte det til Indre Loftesnes i 1772. Domstolane har på sine heimesider ein kort historikk om sorenskrivarane

i Indre Sogn. Der er det ei god oversikt over kvar dei ulike sorenskrivarane budde til ulike tider. Her blir Loftesnes omtala på fyljande måte:

"Søren Schieldrup, sorenskrivar i Indre sogn frå 1765, eigde eit bruk på Barsnes og makebytte det til Indre Loftesnes i 1772. Men husa på Loftesnes var ikkje gode nok for ein sorenskrivar, så difor bygde han den store bygningen som den dag i dag står på garden. Bygningen ligg like ved fjorden. Ti år etter at Schieldrup vart utnemnd til sorenskrivar i Indre Sogn, vart han flytta til Hardanger. Ny sorenskrivar i Indre Sogn vart Michael Fleischer. Han overtok garden same året som han vart sorenskrivar og hadde den fram til 1812.

Folketeljninga frå 1801 viser at mange var knytt til sorenskrivaren og bustaden på Loftesnes. Fleischer var far til i alt ti born, og ved folketeljninga budde framleis seks av dei heime. I tillegg hadde han to kontorfolk i huset, og familien hadde i alt sju tenestefolk, tre drenger og fire tenestejenter. I følge folketeljninga var ikkje alle drengene like arbeidsføre då ein av dei var "vanvittig og underholdes av medlidenhet".

Kanselliråd Lars Johannes Irgens overtok embete i 1803. Han budde på Loftesnes men eigde aldri garden. I ein periode med to familiar på Loftesnes - Fleischer og Irgens budde Irgens ei stund på Stedje før han flytta til Kristainelyst i Solvorn.

Freda kulturminne

Tabell 3-2. Tabell over registrerte freda kulturminne på Loftesnes. Kilde: Riksantikvaren
<http://askeladden.ra.no/sok/>

Askeladden ID	Lokalitet	Vernestatus
87375	Loftesnes sorenskrivargard. Hovudbygning frå 1776. Byggherre sorenskrivar Fleicher.	Vedtaks-freda



Figur 3-20: Loftesnes sorenskrivargard (gbnr. 2/36). Foto: Arve Kjerseim, Riksantikvaren.

Verneverdige kulturminne

Den korte strekninga mellom Loftesnes og Nes har knytt saman bygdene i Indre Sogn i lang tid. I 1837 vedtok heradsstyret at det skulle byggjast brygger, og at ein skulle tilsetje ein ferjemann som skulle stå for transporten mellom Nes og Loftesnes. Den gamle ridevegen vart difor i 1838 ombygd og utbetra til kjerreveg. Deler av vegen er framleis tydeleg ned mot det gamle ferjestedet på Loftesnessida.

Ferjehuset på Loftesnes (tidlegare objekt 159 i *Nasjonal verneplan for veger, bruer og vegrelaterte kulturminner*) vart bygd i 1939 og fungerte som maskinhus for kabelferja som gjekk over Barsnesfjorden frå Loftesnes til Nes fram til brua kom i 1958. Bygningen måler 2,8 x 2,5 meter og var tidlegare raudmåla. Kabelferja vart erstatta av bru i 1958, då Loftesnes fagverksbru vart bygd. Fagverksbrua er reven og erstatta med ny bru i 2017. Bygningen er eit døme på ein typisk bygningstype frå midten av 1900-talet. Ferjehuset, landingsplassen og den gamle vegen inngår i det samla kulturmiljøet på Loftesnes vurdert til stor verdi.

Tabell 3-3. Tabell over SEFRAK-registrerte bygningar på Loftesnes.

SEFRAK ID	GARD	KULTURMINNE	DATERING	KATEGORI
14200301027	2 Loftesnes	Stabbur. Sorenskrivargarden.	1800-talet	▲
14200301028	2 Loftesnes	Våningshus	1900-talet, 1. kvartal	▲


▲ Meldepliktig i hht kml § 25, ▲ Anna SEFRAK- bygg ▲ Ruin eller fjerna objekt. Kilde: SEFRAK



Figur 3-21: Loftesnes. Vedtaksfreda bygning til venstre. Ferjehuset, objekt 159 i Nasjonal verneplan SVV, er den kvite bygningen ved sjøen midt i bildet.



Figur 3-22: I bakgrunnen ser vi Loftesnesbrua, som vart opna i 1958, under bygging. I framgrunnen går ferja som vart nytta til å frakte bilane over sundet. Foto: Fylkesarkivet.



Figur 3-23: Amtskart frå ca. 1850 med registrerte kulturminne. Georeferert. Kjelde: Asplan Viak/Kartverket.

Verneverdiar - Særpreg og lokale kvalitetar som bør vidareførast i utviklinga av området


Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap er viktig som del av Sogndals identitet og i utvikling av eksisterande og nye nabolag med tydeleg **særpreg og lokale kvalitetar**.

Gardstuna på Nes, med verneverdige bygningar og bygningsmiljø frå 1800-talet, må sikrast i planen med omsynssone H570 - bevaring kulturmiljø. Det same gjeld **brønnane** i tilknytning bekkane i tuna på Nes og Navarsete. **Samferdselsminner** og **gamle vegstrukturar** må oppretthaldast i utviklinga av området. Her er delar av **Navarsetevegen** med til dels autentiske bustader og uthus frå første del av 1900-talet, særleg viktig å bevare. **Gata med hagar og bygningar** på begge sider av veggen bør sikrast vern som samanhengande kulturhistorisk bygningsmiljø i vidare utvikling i området. Kunnskaps- og opplevingsverdien er stor. I øvre del av Navarsetevegen er det verneverdige enkeltbygningar (Sveitserhus, funkishus og hus reist på 1950- og 60-talet). Som miljø er denne delen av Navarsetevegen og Hagebyvegen mindre autentisk enn i nedre del.

Bygningane her er meir endra og ombyggd/modernisert, og derfor mindre sårbare for foretting. Det **kulturhistoriske jordbrukslandskapet** i tilknytning til gardstuna må i størst mogleg grad oppretthaldast, der mest mogleg av dyrka mark med stor tidsdjupne og tilhøyrande kulturhistoriske jordbrukselement som steingardar, murar og rydningar, vert bevart. På Sogndalssida av sundet bør **vegghistoria** mellom Nestangen og Loftesnes formidlast.

Solhov ungdomshus er ein unik bygning i Sogndal, med høg arkitektonisk og kulturhistorisk verdi, som bør vernast for framtida. Det same gjeld **Haugehuset**, som representant for den eldste perioden i skulehistoria til Sogndal, og bygningen som i dag husar **Rones barnehage**.

Strukturane og kulturlandskapet knytt til den lange gardshistoria på Nes, autentisk bustadområde frå tidleg på 1900-talet langs Navarsetevegen, samferdselsminne, tidleg skuledrift og ungdomshus, gjev området særpreg og viktige lokale og regionale kvalitetar som i størst mogleg grad må vidareførast i val av løysingar og utvikling i området.



Figur 3-24: Kartet viser kulturhistoriske element i, og tett på planområdet.

4. Arkitektur, bygningar og utbyggingsstruktur

Området sin bygningsstruktur og bygningstyper gir eit innblikk i den historiske utviklinga samtidig som den gir karakter til området. Landskapet og nærleiken til hovudferdselsåra langs fjorden verkar å ha vore førande for utbygginga i området.

Nede ved rv. 5 Helgheimsvegen og rv. 55 Årøyvegen langs fjorden ligg større bygningstypar med til dels offentlege funksjonar som næringsbygningar, bensinstasjon og Folkehøgskulen, barnehagen Ronas og (tidlegare) ungdomshuset Solhov. Oppover i dei bratte bakkane mot Navarsete er det i hovudsak mindre bygningar i form av einebustader. I mellomrommet mellom næringsbygningane og bustadene, på flata før terrenget blir brattare, ligg eit større samanhengande landbruksområde. Landbruksområda består av gras og frukthage.

Bygningane i området ligg i hovudsak fritt med vegar og opne rom mellom seg. Bygningsstrukturen orienterer seg etter terrenget og hovudvegane i området. Området har ikkje ein veldig tydeleg struktur, då tomtene med tilkomstvegar ser ut til å ha vakse fram utan ei samla plan eller heilskapleg samtidig utbygging.



Figur 4-1: Bygningstyper i planområdet. Kjelde: Matrikkelen. Asplan Viak AS.

Typiske trekk ved bygningane

Bygningane i planområdet er ein blanding av gardsbygningar, eldre villaer og einebustader frå etterkrigstida, ofte med kjellarleilegheiter/hyblar. Det er også nokre nye bustader frå dei siste 20-åra. Bustadane har ofte underetasjar som tek opp det bratte terrenget, dei relativt store hagane er terrasserte, og det er mykje murar både på oppside og nedside av tomtene. Området er bygd ut over tid, og det er vanskeleg å kjenne att ein stil eller tidsepoke for området. Langs nedre del av Navarsetevegen og langs Hagebyvegen er det bygningsmiljø og enkeltbygningar frå tidleg på 1900-talet. Innimellom kan ein sjå eldre gardsbygningar.

Tomtene er relativt store frå om lag 800 - 1000 m². Tomtene har ikkje eintydig utforming, men har gjerne mange vinklar og uregelmessig form. Det er nokre få tomter som ligg ubyggd. Bustadane har i hovudsak to etasjar med underetasje.



Figur 4-2: Mangfald av fargar og stilartar. (Foto: Sogndal kommune/Falkeblikk AS).

Hovudparten av bustadbygningane er oppført med fasadar og konstruksjonar i tre. I situasjonar der første etasje ligg i terreng er underetasjen oppført i mur eller betong. Taklandskapet er prega av eit stor mangfald. Med unntak av enkelte nyare bygg er alle bustadbygg oppført med saltak. Enkelte av dei eldre husa i nedre del Navarsetevegen har

valma tak og mansardtak. Elles finn ein einbustader i området med tak med ark eller takopplett, saltak med tverrfløy og pulttak.

Fargebruken i området er variert, og ofte resultat av eigar sine preferansar. Kvitt og raudt står fram som dei mest nytta fargene. Solhov (gbnr 11/35), og ein eldre bustad skil seg ut med rosa (gbnr 11/11), og folkehøgskulen (gbnr 11/24) med oker . Desse spesielle fargane gir identitet til området.



Figur 4-3: Solhov (gbnr 11/35), Haugehuset på Sogndal Folkehøgskule (gbnr 11/24) og Navarsetevegen 14 (gbnr 11/11) har spesielle fargar (rosa, oker, raudbrun, oransje) som gjev identitet til Nestangen (Foto: Sogndal kommune).



Figur 4-4: Dei raude terrasseblokkane (gbnr 16/1/5 og 15/3/1) og grå leilegheitsbygga i Hovsmarki (gbnr 16/76). Ovanfor ligg dei lyse leilegheitsbygga i Markavegen (gbnr 16/18-10 og 15/3/2-5) (Foto: Bjørn Erik Pedersen, 2018).

Gardsbygningar



Figur 4-5: Gardsbygningar som ikkje lenger er i bruk til landbruk (foto: Sogndal kommune).

Rones Barnehage



Figur 4-6: Rones Barnehage med tilbygg (gbnr 11/26). Den eldste bygningen i stilen «Det nye Norge» er reist av sakfører Darre Jenssen for ca. 100 år sidan. Vart deretter bustad for lege og legekontor, før barnehagen tok over. Der var uthus til drift av eigedomen, men ingen gardsdrift (foto: Sogndal kommune).

Sogndal Folkehøgskule



Figur 4-7: Eiersarta fargebruk på tak er karakteristisk for Sogndal Folkehøgskule (foto: Sogndal kommune/Falkeblikk AS).




Figur 4-8: Internat på Sogndal Folkehøgskule. (Foto: Sogndal kommune).

Navarsetevegen



Figur 4-9: Nedre del av Navarsetevegen har eit autentisk bygningsmiljø med bustader frå tidleg 1900-tal. Her er fleire hagar terrassert med tørmura natursteinsmurar, og langs Navarsetevegen avsluttast hagane med natursteinsmurar (foto: Sogndal kommune).

Næringsbygninger




Figur 4-10: Næringsbygningene på Nestangen. Øverst er bensinstasjonen med kontorbygg og bustad integrert i bygningsmassen (gbnr 11/95 og 11/47). I midten er Tess-bygget med kontorar og varesal (gbnr 11/5/5). Nedst er Rockethouse som er kontorbygg og innovasjonsklynge for teknologi-bedrifter (gbnr 11/37). Bakerst i bildet, ut mot fjorden er det drivstoffpumper og lagerområde (gbnr 11/5/4 og 11/5/7) (foto: google maps).

Bustadtypar i planområdet

Vi har henta ut data frå matrikkelen og funnet at det i planområdet er totalt 131 bueiningar som fordeler seg på ulike bygningstypar. Det er ikkje lett å finna pålitelege tal i matrikkelen på bustadstorleiker i planområdet. Vi vil anta at leilegheitsbygga har leilegheiter av god storleik, med BRA kring 150 - 200 m².

TYPE	Tal bueiningar	%-fordeling
Blokkleilegheiter	34	26
Rekkehus/tomannsbustader	13	10
Einebustader/våningshus	77	59
Andre småhus 3 bueiningar el. Fl.	7	5
SUM	131	100




Tilråding

- Vidarefør og bruk natursteinsmurar
- Vidarefør og bruk lokal fargebruk (rosa, oker, brun, kvit, raud).
- Vidarefør takformer (ikkje flate tak eller pulttak)
- Bruk naturmaterial som tre og stein på fasade
- Ver bevisst på utforming av den femte fasaden (taklandskapet) med omsyn til fargebruk og materiale
- Lat bygningar forsterke/vidareføre eksisterande landskapsform med fokus på bygningshøgder, tilpassing til terreng, avtrapping, terrassering.
- Bygningstypar med fleire bueiningar som rekkehus og fleirmannsbustader (tett-lav) kan supplere bustadtypologien i området.

5. Landskap og grønstruktur

Landskap

Sogndalsfjæra ligg mellom to nes, [Granden-Hagelenneset](#) nedanfor Stedjeåsen i vest og Nestangen nedanfor Åberge i aust. Landskapet markerer tydeleg kvar bygdesentrumet startar og sluttar. Både Granden og Nestangen har aktiv landbruksdrift, og dei gir såleis bygdesentrumet ein grøn innramming som fortel om identiteten til «fruktbygda». Nestangen med åsryggen mot Åberge skiljer landskapsromma Sogndalsfjorden frå Barsnesfjorden. Sjølve neset er lite i det storskala landskapet, og er også prega av bygningar og veganlegg, særleg knytt til Loftesnesbrui som er eit landemerke. Nestangen er eit relativt flatt område sett i forhold til dei bratte dalsidene.



Figur 5-1: Nestangen stikk ut og skiljer Sogndalsfjorden frå Barnesfjorden.

I landbruksområdet er det ein åsrygg som skilje mellom nord og sør. Dette er eit viktig lokalt høgdedrag, som fortsett opp åsryggen mot Røvhaugane og Åberge. Frå åsryggen er det vidstrakt utsyn innover Barsnesfjorden og utover Sogndalsfjorden. I tillegg ser en rett over til den vedtaksfreda Sorenskrivargarden på Loftesnes. Siktliner i desse retningane bør

bevarast. Lenger nede på åsryggen ligg ein knaus med fjell i dagen, her er det også eit fint utkikkspunkt med hovudretning inn Barsnesfjorden. Kulturlandskapet med frukttre rundt Nes gard med gardsbygningane utgjer eit kulturmiljø med verdi.



Figur 5-2: Nes gard (gbnr 11/6). foto: Sogndal kommune/Asplan Viak AS.



Figur 5-3: Garden Nes (gbnr. 11/6) har fruktproduksjon og frukthagen er godt synleg frå Årøyvegen, og er ein identitetsberande grøn innfallsport til Sogndalsfjæra (google maps).

Strandlinja langs heile Nestangen er sterkt påverka av veganlegg. Langs fjordstien er det berre få plassar det er mogleg å komma ned til fjorden, desse bør ivareta og vidareutviklast. Mykje av kanten er plastra med stor stein, eller det er murar eller gjerde. Tilgang til fjorden bør forsterkast og nye plassar bør etablerast, det er størst potensiale for dette innover Barsnesfjorden der det i dag ikkje er bygd fjordsti. Den ytste biten av neset, der Loftesnesbrui tek til, er eit viktig møte mellom land og fjord. Loftesnesbrui utgjør eit landemerke og blikkfang i landskapet. Område der den tidlegare bilferga gjekk mellom Loftesnes og Nes har ei viktig siktlinje i fergetraseen, og denne bør bli teke vare på.

Ved Fjordstien er det anlagt eit parkanlegg ved rundkøyringa på rv. 5. Området inviterer til å stoppe opp og sjå utsikta inn mot Sogndalsfjøra og utover Sogndalsfjorden.



Figur 5-4: Oversiktsbilete Nestangen (Sogndal kommune/Falkeblikk AS).

Bustadene er plassert på begge sider av samlevegen Navarsetevegen og høgdeforskjellane vert teke opp med murar av forskjellige slag. I særleg nedre del av Navarsetevegen er det framleis synleg korleis hagane tidlegare vart terrassert med tørrmura natursteinsmurer. Området er prega av mykje grønt i form av større hagar, og landbruksområdet i nærleiken. I enkelte av hagane står det sjarmerande eldre frukttre. Den smale Navarsetevegen, inkludert dei små stikkvegane og gamle gardsvegane gir små

avtrykk i landskapet og slik sett får bustadområdet eit stadtilpassa, småskala uttrykk. Dei gamle vegfara ligg godt i terrenget og er historieforteljande element som bør bevarast og styrkast.




Figur 5-5: Navarsetevgen.

Landbruk

I mellomrommet mellom næringsbygningane og bustadområdet ligg det landbruksareal. Dette gjeld gbnr. 11/1, 11/149 og 11/6. På gbnr. 11/6 vert det drevet aktivt landbruk med fruktproduksjon. Dei to andre eigedommane vert nytta til grasproduksjon, sauebeite og noko frukt.

I kartinnsynsløysinga til Norsk institutt for bioøkonomi «Kilden» er det registrert 31 daa fulldyrka jord og i tillegg noko lauvskog innafor planområdet. Den fulldyrka jorda er vurdert til å ha stor verdi i følgje kartlaget «verdiklasser basert på AR5 og DMK».



Figur 5-6: AR5 arealtype. Kjelde: www.nibio.no.

Vegetasjon, dyreliv og andre naturtilhøve

Planområdet ligg i mellomboreal sone, og i klart oseanisk seksjon (O2). Berggrunnen består av tonalittisk til granittisk gneis, nokre stader mylonittisk, augegneis og amfibolittisk gneis. Dette er kalkfattige bergartar. Lausmassane er i hovudsak breelvavsetning, og i tillegg finst mindre areal med elve- og bekkeavsetning og morenemateriale.

Austre del av planen ligg innanfor det førerlegne verneområdet Sognefjorden marine verneområde (VP00001315), og Barsnesfjorden er registrert som naturtype «sterke tidevass-straumer». På Røvhaugane er det frå tidlegare registrert ein lokalitet av naturtypen naturbeitemark. Piggsvin (NT) er tidlegare registrert innanfor planområdet.




Figur 5-7: Utsnitt frå Naturbase kart som viser naturtypar og artar av nasjonal forvaltningsinteresse. Sognefjorden er foreslått som marint verneområde.

Fuglelokaliteten Nestangen ligg innanfor planområdet. I Artsobservasjonar finst det 1186 observasjonar knytt til denne lokaliteten (per 08.05.2023). 305 av observasjonane er knytt til 15 raudlista artar, og 59 av disse observasjonane er knytt til ulike aktivitetskategoriar som synar eller indikerer hekking.

Feltarbeid

Ved feltarbeid i 2023 vart det registrert tre naturtypelokalitetar, ein lokalitet av naturtypen hagemark, ein av naturtypen naturbeitemark og ein hol eik. Det vart og registrert eit tre av den raudlista arten ask (EN).



Figur 5-8 Naturtypelokalitetane med hagemark og naturbeitemark er markert med rosa polygon.



Figur 5-9: Lokaliteten med hol eik er markert med rosa punkt (t.v.) og asketreet er markert med blått punkt (t.h.).




Figur 5-10: Hol eik ved Rones Barnehage (foto: Asplan Viak AS).



Figur 5-11: Eldre asketre ved Hove gård(foto: Sogndal kommune).

Rekreasjon og friluftsliv

Det er kort avstand til friluftsområde frå planområdet.



Figur 5-12: Oversikt over registrerte og verdisatte friluftslivsområder i Sogndal kommune, områdetyper (naturbase.no).

Grønkorridor Leitevegen - Røvhaugane er registrert som eit svært viktig friluftslivsområde, områdetype: grønkorridor. Grønkorridoren omfattar fleire stiar som går frå Leitevegen og opp til Røvhaugane. Stiane er prega av grønt miljø, lite støy og er skjerma frå trafikk. Det er stor brukarfrekvens, både for daglege gjeremål og for turgåing.

Røvhaugane er registrert som eit svært viktig friluftslivsområde, områdetype: særlig kvalitetsområde. Området er statleg sikra. Området brukast mykje til friluftsliv i form av gåtur, orientering, telting og bålrensing. Sentralt i området ligg ein fotballbane.

Røvhaugane - Kongaberget er registrert som svært viktig friluftslivsområde, områdetype: nærturterreng. Eit stort friluftslivsområde med fleire stiar. Området er brukt for turgåing, stisykling, bålrensing, overnatting og andre aktivitetar. Har fleire naturkvalitetar og opplevingsverdiar. Det finnes eit utkikkspunkt med utsikt over Barsnesfjorden.

Leikeplass Klippa- Røvhaugvegen er registrert som *viktig friluftlivsområde*, områdetype: leike- og rekreasjonsområde. Leikeplassen er omringa av bustader og private hagar. Den ligger på ein grasplen med naturleg utforming, og tilgjengelgjort med ein sti gjennom område. Det er tilrettelagt for leik og opphald med benker og leikeapparat. Vert drifta av bebruarane.

Rones Barnehage er registrert som *friluftlivsområde*, områdetype leike- og rekreasjonsområde. Barnehage med stort uteområde. Det finnes diverse leikeapparat og opphaldsareal.

Sogndal Folkehøgskule er registrert som *viktig friluftlivsområde*, områdetype: leike- og rekreasjonsområde. Stort grøntareal med fotballbane, volleyballbane og grillhytte.


Fjordstien er registrert som *svært viktig friluftlivsområde*, områdetype særleg kvalitetsområde. Langs fjordstien er det plassert ein leikeplass for dei minste, med godt underlag og sitjeplassar. Det er også anlagt eit lite grøntareal med benk. Heile fjordstien har god utsikt til fjorden.

Barsnesfjorden er registrert som *svært viktig friluftlivsområde*, områdetype strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag.

Sentrumsnær sykkelsti for stisykling går gjennom Røvhaugane og ned til Nestangen (inngår ikkje i registrerte friluftsområde i Miljøverndepartementet sin naturbase).

Tilrådingar for landskap og grønstruktur

- Vareta det grønne preget
- Vareta viktige lokale høgdedrag
- Vareta kulturlandskap
- Vareta viktige siktlinjer
- Forbetre tilgangen til fjorden
- Ivareta/spel vidare på landskapsformen som neset har mot horisonten
- Vidarefør det småskala uttrykket i bygningar og vegar
- Vareta og forsterk tilkomst til friluftsområder i og rundt planområdet



Figur 5-13: Viktige landskapselement i planområdet.


6. Bu- og miljøutfordringar – sosial infrastruktur

Leikeplassar og møteplassar

Leikevennlege gatar er gjerne kjenneteikna ved at dei er flate og det er mogleg å læra å sykle eller spele ball, det er lite trafikk og dei er oversiktlege og trygge. Innafør planområdet har vi ikkje funnet gater som innfrir desse krava. Øvst på Navarsete i Klippavegen og Røvhaugvegen kan ein finna slike gater. Folkehøgskulen sitt område innfrir kvalitetane, men berre når skulen opnar for dette.

I friområdet på Røvhaugane er det tilrettelagt for leik og opphald med gapahuk, fotballmål og leirplass (omtrent 600 m og 87 høgdemeter å gå på sti) . I «frihagen» mellom husa i Røvhaugvegen er det felles (privat) leikeområde. Området er skjerma for biltrafikk og ein fin møteplass for små barn i nabolaget. Ronas barnehage og folkehøgskulen sine uteområde er tilgjengeleg utanfor opningstid (ca. 300 meter). Langs Fjordstien er det treningsapparat, leikeapparat, benkar og ein liten klatrevegg.

Det er ca. 800 meter å gå til sentrumsparken og Trudvang skule med fine leikeplassar.



Figur 6-1: Møteplassar og fritidstilbod i og nær planområdet. Asplan Viak AS.



Figur 6-2: Fotballbana og badeplassen til Sogndal Folkehøgskule (foto: Sogndal kommune og Sogndal bed & breakfast)



Figur 6-3: Sogndal Folkehøgskule sin badeplass og DNT sitt naust for kajakkutlån langs fjordstien (foto: Sogndal kommune/Falkeblikk AS)..

Badeplassar

Folkehøgskulen har laga til ein liten brygge for bading på Fjordstien, denne vert nytta av studentar på folkehøgskulen og andre ungdommar. I planområdet er det elles ingen tilrettelagde badeplassar.

Ein må inn til meir sentrale delar av Fjordstien for å finne eigna plasser å komma uti fjorden for å bade. Det er laga til eit amfi som går ned til sjøen i parken rundt Loftesnesbrui på Loftesnes-sida.

Aktivitetstilbod, kultur og friluftsliv

DNT-Sogndal har eit naust for utleige av kajakkar ved Fjordstien under Folkehøgskulen. Fjordstien er ein fin plass for kvardagsturar og trim der ein får kontakt med fjorden.

Friområdet på Røvhaugane og tilhøyrande skogsområde er lett tilgjengeleg frå planområdet via stiar. Skogen opp mot Røvhaugane blir nytta til tur/trim og sykling. Stien er ein del av motbakkeløpet «Nuken opp og neatte». Sogn terrengsykkel har eit prosjekt med lokale sykkelstiar som ein ikkje treng å køyre til. Frå Åberge kan ein sykle på sti ned til Nestangen.

Utanfor planområdet, langs Årøyvegen ligg det ein rasteplass «Krossen». Herifrå kan ein få tilgang til strandsona.

På Folkehøgskulen er det sandvolleyballbane, basketbane og fotballbane. Det vert lagt til rette for skøyting der om vinteren.

Solhov har vore i bruk til ungdomshus, men tilbodet skal flyttast til Kulturhuset. Kommunen har vedteke å selje Solhov, og det er uklar kva bruk som skal inn der.

Kulturhuset ligg omtrent 500 meter frå midt i planområdet. Her er det treningssenter, servering, kino, musikkskule, danseskule, bibliotek, scene (konsert, dans, teater) og kulturspiren (aktivitetstilbod for barn og unge mellom 5 og 15 år).


Bensinstasjonen på Nestangen er ein uformell møteplass i form av handel og servering. Parkeringsplassen ved Tess-bygget er av og til nytta til utfartsparkering og pendlarparkering.

Skule

Det er omtrent 1 km å gå til Trudvang skule. For å komma frå planområdet til barneskulen Trudvang må borna gå delvis på sti og delvis i Navarsetevegen der det er blanda trafikk.

Vidare kan dei gå på framsida eller under Amfi Sogningen, eller opp Leitevegen og gjennom Årvollvegen. Kryssing av Leitevegen og å gå forbi Amfi (sørsida eller under) kan vera noko uoversiktleg for små barn.

Ungdomsskule og vidaregåande skule ligg på Kvåle i tilknytning til Fosshaugane Campus, omtrent 2 km å gå frå midten av planområdet.



Figur 6-4: Skuleveg til Trudvang skule frå planområdet. Stipla linje er på sti.

Barnehage

Nærmaste barnehage ligg i planområdet: Rones Barnehage. Barnehagen er full og ved framtidig utbygging vil ikkje kapasiteten vere stor nok. Barnehageplan for Sogndal kommune 2021-2036» utarbeidd av Norconsult viser at det i Trudvang krins (i all hovudsak Sogndal sentrum) vil vera trong for fleire barnehageplassar etter 2032. Ny barnehage er under planlegging på Kvåle, når denne står klar skal Saman sin barnehage i Dalavegen og Kyrkjebakken flyttast til denne. Dersom Sogndal kommune skal oppretthalde 100% barnehagedekning + 5% må det byggast ny sentrumsbarnehage før 2031-2032.

Idrettsanlegg


Nærmaste idrettsanlegg finn ein på Fosshaugane Campus, omtrent 2 km frå planområdet. Her er mellom anna fotballbaner, friidrettsanlegg, symjebasseng, treningscenter og klatrehall.

Helse

Legesenter, legevakt, omsorgssenter, helsestasjon, jordmorteneste finst på Sogndal Helse og omsorgssenter omtrent 1 km frå planområdet. Tannlege, kiropraktor, psykiatri, BUP, psykolog, familievernkontor ligg også om lag 1 km frå planområdet, i Sogndal sentrum.

Vegtrafikkstøy

Hovudvegane i området gir trafikkstøy for dei næraste bygningane. Fjordstien er til dels utsett for vegtrafikkstøy. Bygningar og uteareal for støyfølsamt formål skal ikkje oppførast i raud støysone, men kan vurderast i gul støysone dersom det gjerast tiltak for å dempa støyen.



Figur 6-5: Vegtrafikkstøy. Kjelde: Statens vegvesen.

Tilrådingar for sosial infrastruktur


Planområdet ligg sentralt i høve tilgjengelegheit på sosial infrastruktur. Sogndal er ein kompakt tettstad der dei sentrale tilboda vert nytta av heile bygda. Bygda har på den måten ikkje direkte behov for «bydelsvise» tilbod for vaksne og ungdom. Dersom det vert etablert for mange tilbod spreidd utover, vil ein risikere å «vatne ut» bruken, og møteplassane kan miste sin tiltrekkingskraft/attraktivitet. Samtidig er det positivt dersom ulike delar av bygda kan tilby ulike uformelle møteplassar basert på plassen sin eigenart/identitet, og som kan vera lågterskel tilbod innafør brukarane sin aksjonsradius. For sjølv om bygda er kompakt er det stor variasjon i landskap og bruksmoglegheiter.

Særlege identitetslement som bør utnyttast ved vidareutvikling av møteplassar på Nestangen vil vere fjorden, utsikten mot Barsnes, kontakten med skogen og stiane mot Røvhaugane, og jordbrukslandskapet. Aktivitetar/sambruk med folkehøgskulen bør vurderast vidareutvikla.

For små barn og eldre med mindre aksjonsradius er det større behov for møteplassar i nærleiken av der dei bur. Nestangen har lite tilgjengeleg offentleg leikeareal som t.d. nærleikeplass og leikevenlege gater. Det er også, til tross for nærleik til fjorden, lite tilgjengeleg strandlinje med moglegheit for å komma ned til fjorden for å bade eller leike ved vatnet.

Skulevegen har enkelte uoversiktlege kryssingspunkt (sjå figur 45), og strekningar der ungane må gå i køyrearealet (blanda trafikk).

Barnehagedekninga i området er full og ved framtidig utbygging vil ikkje kapasiteten vere stor nok.



Figur 6-6: Ulike grupper sin aksjonsradius til fots på 10 minutter (kjelde: Friluftsliv - Meld. St. 18 (2015-2016)).

7. Infrastruktur, kommunikasjon og målpunkt

Nestangen er innfallsport til Sogndal sentrum for vegfarande som kjem frå nordaust (fv. 55) og søraust (rv. 5). Rundkøyringa på neset utgjer krysset mellom vegane, og vart etablert i samband med nye Loftesnesbrui som knyt Sogndalsfjæra til Loftesnes på andre sida av Barsnesfjorden.

Årøyvegen (fv. 55)

Fv. 55 går i retning Luster og over Sognefjellet. Veggen har her namnet Årøyvegen. ÅDT forbi planområdet er 2 793 (14 % lange køyretøy)¹. På Årøyvegen i planområdet er det registrert to trafikkulukker knytt til svingen etter Tess, og ei trafikkulukke knytt til avkøyrsla frå bensinstasjonen/Tess. Forbi planområdet er det fortau langs Sogndal folkehøgskule, vidare inn Barsnesfjorden er det ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Det er ikkje tilrettelagd kryssingspunkt over veggen mellom Rockethouse og bensinstasjonen/Tess.

Tilkomst til Sogndal sentrum frå Luster er den einaste tilkomstvegen der du ikkje kan sjå sentrum på lang avstand. Det er landbruksområdet på Nes gard som møter deg rett før den krappe svingen ved Tess. Her er det potensiale for å markera inngangen til sentrum på ein tydelegare måte.

Helgheimsvegen (rv. 5)

Rv. 5 går retning Sogndalsfjæra og vidare nordvest mot Sunnfjord. Veggen har her namnet Helgheimsvegen. ÅDT forbi planområdet er 9 500 (8% lange køyretøy)². Forbi planområdet er det fortau langs Sogndal Folkehøgskule. Frå avkøyrsla ved Ronas Barnehage fram til Navarsetevegen er det gang- og sykkelveg med køyring til eigedommane. Vidare fram til Kulturhuset må mjuke trafikantar nytte kommunal veg Navarsetevegen. Krysset til Ronas barnehage har mange avvik frå krava som gjelder for kryss i N100.

På Helgheimsvegen er det registrert to trafikkulukker knytt til overgangsfeltet ved busshaldeplassen «Helgheim», som gjeld påkøyring bakfrå. Det er elles registrert 10

¹ Vegkart.no (ÅDT, år 2022).

² Vegkart.no (ÅDT, år 2022).

trafikkulukker på strekninga vidare mot rundkøyringa ved Kulturhuset, fleire av desse er av eldre dato.



Figur 7-1: Krysset inn til Ronnes Barnehage og Sogndal folkehøgskule (foto: Sogndal kommune/Falkeblikk AS).

Loftesnesbrui

Loftesnesbrui er ei nettverksbru som på ein fin måte markerer velkomst til Sogndal. I tillegg til å vere eit tydeleg landemerke har brua også tilhøyrande parkareal på begge sider og kopling til fjordstien med gang- og sykkelveg.

Kollektivtilbod

Det er ein busshaldeplass i planområdet; «Helgheim». Denne ligg langs rv. 5 ved Sogndal Folkehøgskule. Her går bussane: 200, 800, 801, 802, 830, 860, 861, FB58, NW420, VY170, VY450.

Navarsetevegen (kv3500)

Navarsetevegen startar ved rundkøyringa ved Kulturhuset og svingar seg opp i bustadfeltet fram til den møter Leitevegen og Røvhaugvegen på toppen. Det ligg ikkje føre trafikktalet på denne vegen.

Vegen er på strekninga frå kryss med Hovevegen fram til gbnr. 11/1 svært smal og uoversiktleg. Vegen er registrert med bruksklasse 6. Det betyr at normale lastebilar som t.d. renovasjon, snørydding, brann og redning ikkje kan nytte vegen. På denne strekninga er det i realiteten eitt køyrefelt og private avkøyrslar må nyttast som møteplassar. Nedre del er i hovudsak nytta av dei som bur langs vegen, og besøkande til dei. Det er i dag vanskeleg å sjå for seg korleis eksisterande veger skal kunne utbetrast/utvidast når bustadtomtene med avkøyrslar ligg på murer tett på vegen.

Vegen vidare oppover frå 11/1 er lettare å oppgradere med tanke på vekt, til f.eks bruksklasse 8.

I krysset mellom gang- og sykkelvegen langs rv. 5, der denne møter Navarsetevegen, er det utfordrande siktforhold og utforming av krysset der mjuke og harde trafikantar møtast. I krysset Navarsetevegen X Hovevegen er det registrert ei trafikkulukke mellom to køyretøy i same køyreretning.



Figur 7-2: Navarsetevegen (foto: Sogndal kommune).


Stiar

Tilkomstvegar har blitt anlagd over tid og etter behov i takt med bustadane. Det er lite intuitivt å vita kva som er raskaste veg å gå for å komma seg gjennom området. Gamle ferdselsvegar frå fjord til fjell er framleis delvis intakte og fungerer som snarvegar. Dette er bratte stiar som enkelte stader er supplert med trapper. Eksisterande stiar er for smale og bratte til maskinelt vedlikehald.

Sti frå Navarsetevegen til Rones barnehage er mykje brukt av folk på Leite som leverer ungar til Rones barnehage. Det er ingen moglegheit for korttidsparkering i Navarsetevegen ved levering av ungar til Rones via snarveg. Stien er mykje brukt som gangveg mellom Navarsetevegen og Rv. 5 til turar og til busstopp. Stien er i tillegg bratt og vanskeleg å sykle ved levering av ungar.



Figur 7-3: Sti frå Navarsetevegen og oppover.



Figur 7-4: Vegsystem og målpunkt i området. Asplan Viak AS.

Tilrådingar for infrastruktur, kommunikasjon og målpunkt

- Forbetre farlege kryss
- Forleng fjordsti inn Barsnesfjorden
- Vurder å avlaste nedre del av Navarsetevegen
- Forsterk signalisering av velkomst til sentrum langs Årøyvegen
- Skap trygg kryssing av Årøyvegen
- Skap tryggare framkomst for mjuke trafikantar med fokus på skuleveg

8. Samla tilråding

1. Tilråding kulturminne og kulturmiljø

- 1.1. Gardstuna på Nes og brønnar i tilknytning til gardstuna på Nes og Navarsete må sikrast i planen med omsynssone H570-Bevaring kulturmiljø.
- 1.2. Samferdselsminner og gamle vegstrukturar må oppretthaldast i utviklinga av området
- 1.3. Nedre del av Navarsetevegen med hagar og bygningar på begge sider av veggen bør sikrast vern som samanhengande kulturhistorisk bygningsmiljø.
- 1.4. Det kulturhistoriske jordbrukslandskapet i tilknytning til gardstuna må i størst mogleg grad oppretthaldast.
- 1.5. Solhov, Haugehuset og Rones barnehage er unike bygningar med arkitektonisk og kulturhistorisk verdi som bør vernast for framtida.
- 1.6. Enkeltbygningar med verneverdi bør vidareførast med vern.

2. Tilråding arkitektur, bygningar og utbyggingsstruktur

- 2.1. Vidarefør og bruk natursteinsmurar
- 2.2. Vidarefør og bruk lokal fargebruk (rosa, oker, brun, kvit, raud).
- 2.3. Vidarefør takformer (ikkje flate tak eller pulttak)
- 2.4. Bruk naturmaterial som tre og stein på fasade
- 2.5. Ver bevisst på utforming av den femte fasaden (taklandskapet) med omsyn til fargebruk og materiale
- 2.6. Lat bygningar forsterke/vidareføre eksisterande landskapsform med fokus på bygningshøgder, tilpassing til terreng, avtrapping, terrassering.
- 2.7. Bygningstypar med fleire bueiningar som rekkehus og fleirmannsbustader (tett-lav) kan supplere bustadtypologien i området.

3. Tilråding for landskap og grønstruktur

- 3.1. Vareta det grønne preget
- 3.2. Vareta viktige lokale høgdedrag og landskapsform
- 3.3. Vareta kulturlandskap
- 3.4. Vareta viktige siktliner
- 3.5. Forbetre tilgangen til fjorden
- 3.6. Vidarefør det småskala uttrykket i bygningar og vegar

4. Tilråding for sosial infrastruktur

- 4.1. Auk tilgang på uformelle møteplassar (leikeplassar, park)
- 4.2. Auk tilgang til fjorden og moglegheit for leik og opphald ved vatnet

5. Tilråding for infrastruktur, kommunikasjon og målpunkt

- 5.1. Forbetre farlege kryss
- 5.2. Forleng fjordsti inn Barsnesfjorden
- 5.3. Vurder å avlaste nedre del av Navarsetevegen
- 5.4. Forsterk signalisering av velkomst til sentrum langs Årøyvegen
- 5.5. Skap trygg kryssing av Årøyvegen
- 5.6. Skap tryggare framkomst for mjuke trafikantar med fokus på skuleveg

9. Kjelder

- Riksantikvarens nasjonale kulturminnebase, www.asketadden.ra.no
- SEFRAK-registeret
- Wikipedia
- Sogndal folkehøgskule si nettside, www.sogndal.fhs.no
- Statens vegvesen, Nasjonal verneplan (2002), <https://dms-cf-07.dimu.org/file/013AjPwokeU9>
- Fylkesarkivet i Vestland, www.fylkesarkivet.no
- Per Sandal, 1986. Sogndal bygdebok. Band I.
- Foto Hovsmarki
[https://upload.wikimedia.org/wikipedia/commons/3/32/Hovsmarki i Sogndal%2C_2018-04.jpg](https://upload.wikimedia.org/wikipedia/commons/3/32/Hovsmarki_i_Sogndal%2C_2018-04.jpg)
- Foto Sogndal bed & breakfast, henta frå facebookside deira.
- Friluftsliv - Meld. St. 18 (2015-2016).
- Vegkart.no
- Naturbase.no
- Matrikkelen
- Nibio



asplan viak